

INVITASJON TIL TEMASAMLING

Vindu til prosjekt med vernerestriksjonar

STAD: Litteraturhuset – Zinken Hopp – Østre Skostredet 5

TID: Onsdag 21.5.2025 kl. 12.30 – 15.00

PÅMELDING: Innan 14. mai til ingvild@byklevindu.no



Me i Bykle Vindu har spesialisert oss på vindu med kittfals og antikvariske detaljar, og leverer mykje til prosjekt med vernerestriksjonar.

I Bergen er det svært mange bygningar som er verneverdige eller verna. Dersom ein skal skifte ut vindu i slike bygg, er det strenge krav til kva type vindu som kan godkjennast. I nokre tilfelle vil det vere krav om restaurering framfor vinduskopiar.

Så må me innrømme at me får ein del «ymse» prosjektering når me blir spurt om å rekne tilbod. Kanskje fordi prosjekterande kan mest om nybygg, og ikkje har like god kompetanse om krav og moglegheiter når det er snakk om verneverdige bygg.

Me ønskjer derfor å dele av vår kompetanse, og har også fått med oss Byantikvaren og Minde Snekkeri. Aktuelle tema for samlinga er:

BYANTIKVAREN OM KVA DEI VEKTLÉGG NÅR DEI UTTALAR SEG OM
VINDUSUTSKIFTING

MINDE SNEKKERI OM RESTAURERING AV VINDU

KVA ER EIGENTLEG FORSKJELLEN PÅ EIT «ANTIKVARISK» OG EIT «STANDARD»
VINDU?

ANTIKVARISK UTFORMING VS. FUNKSJONALITET OG TEKNISKE KRAV

KOPIERING AV ORIGINALE VINDU – KVA INNEBER DET?

TING Å TENKE PÅ VED PROSJEKTERING

VELKOMEN!

Byantikvaren



BERGEN
KOMMUNE

B BYKLE
VINDU | iSOKITT®

MINDE
SNEKKERI A/S